

Notat

Til: Per Morten Ekerhovd

Frå: Jostein Aksdal

Referanse
2014/230-13

Dato
06.01.2014

Innspel til planprogram for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet

Hordaland fylkeskommune skal som delegert kulturminnemynde ivareta statleg ansvar innan kulturminnevernet i samband med planprosesser og reguleringsplanar.

Hordaland fylkeskommune ved samferdselsavdelinga la ut melding om oppstart av planprogram for Regional plan for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet – revidert planprogram. Opphavet til revisjonen av planprogrammet er at tidlegare lokaliseringsforslag jf. Sak i 2009 ikkje let seg gjennomføre ut i frå omsynet til Forsvaret og Avinor sine interesser.

Lokaliseringsforslag

Høyningsforslaget legg opp til tre alternativ der eit har gjennomgått ei siling av ulike plasseringar og ein har enda opp med tre moglege alternativ.

1: Nullalternativ, 2: Kombinasjonsalternativet, 3: Fleslandsalternativet

Alle desse forslaga vil få både direkte og indirekte konsekvensar for automatisk freda kulturminne av stor verdi. Kulturminnevernet ser at Hordaland fylke har lagt til grunn moglegheitsstudie for to av dei aktuelle alternativa (kombinasjonsalternativet og Fleslandsalternativet). Ut i frå dokumentasjonen er 0 -alternativet i mindre grad utgreidd. Møglegheitsstudiane som ligg i saka og som er grunnlag for lokaliseringsdrøfting, har klare manglar med omsyn til informasjon om automatisk freda kulturminne og konsekvensane for desse. Dette gjeld både grad av konflikt, innverknaden på kulturminneverdiane og kva følgjer dette får i ein planprosess. Rapportane legg til grunn at nasjonale interesser som Forsvaret og Avinor handhevar har skal vektleggast i lokaliseringa. Automatisk freda kulturminne som nasjonale interesse er ikkje vektlagt eller på ein opplysende måte vist i plandokumenta. Dette fører til at konfliktnivået ikkje vert kjent og at muligkeitstudiane gjer fleire alternativ meir mulig enn dei i røynda vil vera. Konklusjonane for kvart av alternativ viser ikkje kva følgjer og prosess automatisk freding har for arealbruken. Tabellen under kapittel 7.3

viser til at ein til dømes kan unngå konflikt med kulturminne, noko som ikkje kan stemme, når det er kjent fornminne på Slåttholmen, Stora Grunnasundsholmen og ved Mynteviksvegen.

- *Forslag til planprogram og mulighetsstudiane har ikkje vist nyare tids kulturminneverdiar.*
- *Mulighetsstudien for Fleslandsområdet har ikkje gjennomført ei fagleg kompetent klargjering og vekting av kjende kulturminneverdiar i områda.*
- *Konsekvensar for nasjonale kulturminneverdiar er ikkje vist eller vurdert.*

0-alternativet

0-alternativet er Bergen indre hamn slik den ligg i dag, inkludert vedtekne utvidingar og endringar. Kulturminnevernet viser til at Bergen Indre hamn alt er eit viktig kulturminne med mange og vidstrekte kulturminneverdiar med stor tidsdjupne. Det er i dag stort press på kulturminneverdiane. Både fjerning av element og øydelegging av samanhengande miljø i strandsona er under press. Det er difor svært viktig at framtidig bruk vert utgreidd og kva konsekvensar dette gjev for kulturminna.

Kombinasjonsalternativet

Kombinasjonsalternativet med utgangspunkt i dagens hamn, med auka bruk av Mongstad og CCB. Dette femnar og om Bergen hamn, men utvider og godshamnfunksjonen til hamnene ved Ågotnes (Fjell kommune) og Mongstad (Lindås kommune) som i dag er operative hamner. Med omsyn til kulturminneverdiane viser mulighetsstudien heller ikkje dei konfliktane som kan vera aktuelle med framtidig utviding.

Fleslandsalternativet

Mulighetsstudien har i liten grad nemnt alt kjente automatisk freda kulturminne. Då alternativet frå 2009 er gått bort i frå har ein vurdert nye alternative plasseringar i området både nord og sør for tidlegare alternativ. Alternativa som i dag er vurdert å vera mulige er då alternativa E, F og G som då utgjer sørlege del av halvøya eller gardane Sletten og Lønningen. Seksjon for kulturminnvern og museum viser til at konflikten med nasjonale kulturminneverdiar er særstak for desse alternativa. For dei alternativa som er vurdert som teknisk mulige så er ikkje dei kjente kulturminne vurdert som nasjonale interesser i det heile.

Ut i frå at fylkeskommunen er delegert kulturminnmynde viser me til eit nasjonalt ansvar om å ivareta kulturminna som felles kulturminnearv. I så måte viser ikkje mulighetsstudiet dei problema som faktisk er ved dei ulike lokaliseringane. Fleire av alternativa i planprosessen fordrar at regionale interesser vert veka viktigare enn nasjonale kulturminneverdiar.

Planprogrammet

Planprogrammet har klare feil og manglar med omsyn til informasjon om kulturminneverdiane i dei aktuelle områda. Dette må inn i det reviderte forslaget slik at konsekvensar og prosess vert klart så tidleg som råd.

- Planprogrammet må på ein måte synleggjere dei alt kjente kulturminna i si utgreiing, dette gjeld då for alle alternativa jf. Kapittel 4.
 - o Alternativ utviding av hamneareal på Ågotnes må og vise konflikt/nærforing med audegarden på Vindeneskvarven.
 - o Alternativa på Flesland må og vise konflikten/nærforing til dei kjende kulturminna på øyane og fastlandet.
- Planprogrammet kapittel 6 viser til ein prosess med etablering av eit kunnskapsgrunnlag og så ei konsekvensutgreiing. Kultur og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum viser til at det alt er kjent store konfliktar i planområdet. Me vil rå til at utredar alt no gjer ein eigen dokumentasjon av dei kjende automatisk freda kulturminne i kunnskapsgrunnlaget som då vert grunnlaget for ein gjennomgang i konsekvensutgreiinga.
- Planprogrammet må retta opp/ta ut informasjon om kulturminnekartlegging som skal vera gjort i samband med konsekvensutgreiing i 2011 (tabell 3). Kartlegginga frå 2011 gjeld då berre for alternativ C – Lindevika. Det ligg ikkje føre noko kartlegging for dei andre alternativa.
- Planprogrammet må legga opp til at konfliktane med automatisk freda kulturminne og kulturmiljø vert fagleg vurdert både i tekst og bilde og 3D – framstilling i konsekvensutgreiinga. Dette gjeld særleg for Fleslandsalternativa som då har alt kjende direkte konfliktar med etablering av godshamn.
- Planprogrammet må vidare setja krav om at dokumentasjon, vurdering og vekting av kulturminne og konfliktpotensialet i konsekvensutgreiinga skal gjerast med fagleg relevant kompetanse.
- Vurdering av potensiale for konflikt med hit til ikkje kjente automatisk freda kulturminne må og gjerast av fagleg kompetent person.

Med helsing

Jostein Aksdal
Seniorrådgjevar